

STIFTINGA SINGERHEIMEN

22.05.2021

Vestland fylkeskommune

DRIFTSTILSKOT SINGERHEIMEN.

Eg viser til opphøveleg søknad frå Stiftinga Singerheimen vedk. driftstilskot for 2021. Søknaden følgjer vedlagt. Stiftinga har motteke årleg driftstilskot på kr 250.000,- pr år frå fylkeskommunen sidan 2002. Tilskotssummen har ikkje vore endra på alle desse åra og har medført ein stadig strammare økonomi for stiftinga. Søknaden for 2021 var kr 300.000,- og representerer eit minimum av det som trengst for å oppretthalde eit minimumsnivå, jfr budsjettoppstillinga i den opphøvelege søknaden. Ut frå røynslene med kostnadsutviklinga så langt i 2021, ser vi alt no at fleire av postane i budsjettet er for låge.

Stiftinga har tidlegare fått tilsagn om kr 178.000,- i driftstilskot frå Vestland fylkeskommune for 2021, og dette ligg langt under forventningane og behovet. Styret vurderer det som umogeleg å svare opp faste og uunngåelege kostnader innanfor den ramma som føreligg. Dette inneber at drifta av stiftinga/eigedomen ikkje har moglegheiter for å oppretthalde standarden på m.v. løpande vedlikehald. Vedlikehaldet har vore ein salderingspost dei seinare åra, og med dei inntektsrammene som så langt avteiknar seg, vil dette forsterke seg og eigedomen vil forfalle.

Styret for Stiftinga Singerheimen vil med dette sterkt oppmode om at fylkeskommunens løyving blir auka slik at den samsvarer med den opphøveleg søknaden – kr 300.000,-.

Med helsing

Per Kristian Storevik

Styreleiar Singerheimen